

REFERAT STYRINGSGRUPPEMØTE MAT OG OPPLEVINGAR I FJELLET

Dato: 12. januar 2021

Møtestad: Teams-møte

Tidspunkt: 13.00 – 14.00

Til stades:

Olav Røssum, Fjellnettverket
Anniken Fægri Damm-Larsen, Innovasjon Norge, Telemark og Vestfold
Eirik Høyeme Rogn, Mountains of Norway
Nina Mosseby, Landbruks- og mat departementet
Maren Solvang Johnsen, Søberg Gard
Kristine Bjørgum Forde, Setesdal Lefser og Brau
Otto Galleberg, Statsforvaltaren i Oslo og Viken, vara
Kari Randen, Fjellnettverket
Elin Halland Simensen, Fjellnettverket

Forfall:

Audun Mogen, Vestfold og Telemark fylkeskommune
Nina Glomsrud Saxrud, Statsforvaltaren i Oslo og Viken

Referent:

Elin Halland Simensen

SAKLISTE

REFERAT STYRINGSGRUPPEMØTE MAT OG OPPLEVINGAR I FJELLET	1
A. INNKALLING OG PROTOKOLLAR	2
SAK 1/21 INNKALLING OG SAKLISTE	2
SAK 2/21 GODKJENNING AV REFERAT.....	2
B. ORIENTERINGSSAKER.....	2
SAK 3/21 ORIENTERING OM STATUS.....	2
C. DISKUSJONSSAKER.....	2
D. VEDTAKSSAKER.....	3
SAK 4/21 FINANSIERING OG DELTAKING.....	3

A. INNKALLING OG PROTOKOLLAR

SAK 1/21 INNKALLING OG SAKLISTE

VEDTAK SAK 1/21

Styringsgruppa godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 2/21 GODKJENNING AV REFERAT

Referat frå møte i styringsgruppa 26.08.20 vart lagt fram for styringsgruppa.

VEDTAK SAK 2/21

Styringsgruppa godkjenner referat frå møte 26.8.20.

B. ORIENTERINGSSAKER

SAK 3/21 ORIENTERING OM STATUS

Prosjektlear orienterte styringsgruppa om status for prosjektet.

Finansiering: Ei oppsummering av dei ulike vilkåra for tildeling frå Vestfold- Telemark, Viken og Innlandet vart lagt fram på møtet. Desse tre fylkeskommunane har stadfesta at vilkåra er teke hand om og har gjeve klarsignal for igangsetjing av prosjektet. Oppsummeringa følgjer som vedlegg til saka.

Innlandet fylkeskommune har innvilga kr 190 000 i finansiering til første prosjektår. Første prosjektår hadde per 31.12.20 ei samla finansiering på kr 2.400.000,-.

Planar: Styringsgruppa vart orientert om planlagde aktivitetar.

VEDTAK SAK 3/21

Styringsgruppa tar informasjonen om prosjektet til orientering.

C. DISKUSJONSSAKER

D. VEDTAKSSAKER

SAK 4/21 FINANSIERING OG DELTAKING

I tråd med prosjektplanen har utgangspunkt for deltaking i prosjektet vore at alle fylkeskommunane bidrar med lik finansiering.

Buskerud fylkeskommune har løyvd kr 800.000 til prosjektet, Telemark fylkeskommune har løyvd kr 2.400.000 til prosjektet, Hedmark fylkeskommune har løyvd kr 610.000 til prosjektet og Innlandet fylkeskommune har løyvd kr 190.000 til prosjektet.

Det er dialog med Trøndelag fylkeskommune, Agder fylkeskommune og Setesdal regionråd om deltaking og finansiering. Tilbakemeldingane frå Agder fylkeskommune og Trøndelag fylkeskommune er at det økonomiske bidraget vurderast som høgt i forhold til talet på deltakarar dei har hatt med til IGW.

Styringsgruppa drøfta storleiken på det økonomiske bidraget og om deltakarar frå heile fjellområdet skal inviterast med i samarbeidet. Det var i forkant av møtet sendt ut eit forslag til vedtak og styringsgruppa drøfta dette.

VEDTAK SAK 4/21

Styringsgruppa meiner at ein oppnår størst effekt av arbeidet dersom alle fjell-fylka er med i prosjektet.

Eit finansielt bidrag frå deltakarområda er ein føresetnad for deltaking i prosjektet. Det opnast opp for å finne løysingar med omsyn til å redusere det økonomiske bidraget slik at fleire område blir med i arbeidet. Prosjektansvarleg gis mandat til å forhandle fram eit finansielt bidrag frå dei aktuelle områda. Løysingane drøftast med fylkeskommunane som finansierar prosjektet.